

Bergen, 20.10.21

Vår ref: 2020/61
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 21/671-33

Karmøy kommune

Karmøy, Kalstø – detaljregulering ny landfallstunnel 77/15 m.fl. – uttale

Viser til brev av 07.09.21, med vedlegg, frå Karmøy kommune om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Karmøy Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for fiske/ferdsel på sjøen.

Kalstø

Detaljregulering legg til rette for landfallstunnel for Statpipe-rørleidningar i sjø og anlegg på land.



Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert område for aktive og passive fiskereiskap vest om reguleringsområdet. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Ein føreset at omsynet til fiskeri er tilstrekkeleg utreda og at tilstrekkeleg avbøtande tiltak blir iverksatt for å avgrense negativ innverknad på det marine liv og fiskeriverksemd både under utbyggingsfasen og under driftsfasen. Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid. I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.


Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Karmøy Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Sør
Statsforvalteren i Rogaland


Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.



Utsnitt Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy



Utsnitt frå planbeskrivelse – plangrense



Utsnitt frå planbeskrivelse – eksisterande og nye tunnelar